

# LÅT Ø LINK

Nummer 4  
Desember 2008  
Årgang 18

## Det er jul!



*Gammelt postkort, utlånt av Nils Rogn*

- ◆ *Anita Dalehavn om jul i heimen*
- ◆ *Diskusjon om organiseringa av folkemusikken*
- ◆ *Magny Karlberg får kulturprisen i Øystre Slidre*
- ◆ *Redaktørane av Låt ò Link tek sluttpakke*

# VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

## FØREJULSBREV OG INFORMASJON

### GODE LAGSMEDLEMMER!

Det går mot jul og et nytt år, med alle de aktiviteter og ting og tang som tradisjonene fører med



*Foto: Knut Aastad Bråten*

organisasjonsgruppe til å vurdere dagens organisering.

Målsettingen var å:

- Forenkle organisasjonsformen
- Nedfelle klare ansvars - og informasjonslinjer
- Rasjonalisere arbeidsprosesser
- Gi de ansatte oversiktlige og gode arbeidssituasjoner

Grappa ble satt i gang blant annet fordi de ansatte sa fra om uklarheter vedrørende ansvar og informasjon. Konklusjonene fra organisasjonsgruppa endte opp med at det ser ut som om organisasjonen er overadministrert slik den er i dag, med tre styrever, tre styreledere og to daglig ledere. Grappa kom fram til et organisasjonskart som viser ett styre (Vfl-styret) og en daglig leder for Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko. Ansvaret fordeles mellom styret og daglig leder.

Videre konkluderte grappa med at:

- Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko har arbeidsgrupper (ikke styrever)
- Forsikring bør vurderes ned hensyn til økonomisk risiko
- Dersom Vfl vurderer det økonomiske ansvaret til å bli «for stort», med hensyn til arrangementene, bør annen organisering vurderes for disse.

Mens organisasjonsgruppa arbeidet med dette, kommer det et organisasjonsforslag fra Jørn Hilme-grappa, der Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko skal skilles ut som et AS-foretak, med begrunnelser i blant annet økonomisk risiko og ansvar. Jørn Hilme-grappa vil utrede

### LÅT ò LINK

Låt ò Link er eit frittstående folkemusikktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag. Idear, ei god historie eller anna stoff, kan du sende til [post@valdresfolkemusikklag.no](mailto:post@valdresfolkemusikklag.no) eller til Valdres folkemusikklag, Tynvegen 27, 2900 Fagernes. Merk e-postane eller konvoluttane med «Låt ò Link». Formgjeving: Nils Leine. Opplag: 450.

*Vfl-styret har ikke tatt stilling til, eller forfordelt noen av forslagene. Dette må det være opp til medlemmene å gjøre.*

Kjell Bakken om organisasjonsendring i Valdres folkemusikklag.

AS-forslaget i samarbeid med revisor. Forslaget blir sendt til lagene og medlemmene for vurdering.

Vfl-styret har ikke tatt stilling til, eller forfordelt noen av forslagene. Dette må det være opp til medlemmene å gjøre. I Vfl-styret er det enighet om at saken(e) må utredes, slik at nødvendig og grundig

informasjon skal kunne gis til medlemmene og lagene. Denne saken er av slik karakter at den faller inn under § 7 i Vfl-vedtektene, og styret må søke råd hos medlemmene og lagene.

*§ 7: «Minst ein gong i året (helst om hausten) bør styret kalle inn til eit leiarmøte. I tillegg kan styret søkje råd i eit slikt møte når det er trong for det.»*

Etter at ovenfor nevnte informasjon er gått ut til lagene og medlemmene, og alle er gitt mulighet til å vurdere saken, kalles det inn til møte iht. § 7 i Vfl-vedtektene.

Medlemmer og alle styrer må tenke grundig igjennom om de vil ha organisasjonsformen som lag og forening, som den er i dag, eller om de ønsker endring til AS. (AS gjelder kun arrangementene, Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko).

I denne sammenheng bør det også reflekteres over pluss og minusfaktorer uansett organisasjonsform:

- Deler av organisasjonsgruppas målsettinger og konklusjoner vil også gjelde for et AS
- Behov for antall frivillige endrer seg med arrangementenes størrelse
- Frivillighet er den største og viktigste ressursen for arrangementene
- Budsjett og økonomisk ansvar blir større når arrangementene øker
- Alle lagene i Vfl kan være solidarisk ansvarlige for økonomi uansett organisasjonsform

Håper at dette brevet ikke forstyrrer julefreden, men at det fører til tanker og debatt om hva Valdres folkemusikklag ønsker for framtida.

Vil også benytte denne anledningen til å takke medlemmene, lagene og de ansatte for den innsatsen de har gjort for Folkemusikk-Valdres gjennom året 2008. I Valdres folkemusikklag er alle viktige, unge og eldre, små og store innsatser. Til sammen bidrar dette til et rikt og frodig, fungerende lag.

Med ønske om en riktig God jul og et Godt Nytt år til alle i Valdres folkemusikklag, og alle lesere av Låt ò Link

Kjell Bakken  
Leder i Valdres Folkemusikklag

# Revolvertintervjuet

## MAGNY HEIDRA MED PRIS

**Ingen har gjort meir for norske bunader og folkedrakter enn Magny Karlberg (66) i Rogne. I julehelga blir ho æra med kulturprisen frå Øystre Slidre kommune.**

- Gratulerer Magny Karlberg, dette var fortent!

- Tusen hjarteleg takk, du verden så hyggeleg! Dette var veldig overraskande. Eg hadde faktisk sendt inn framlegg på andre kandidatar, og så var det eg som fekk prisen!

- Du har via livet ditt til heile spekteret av den norske folkekulturen. Kva er det som er så interessant med nettopp dette feltet?

- Anten så fell du for slikt, eller så gjer du det ikkje. Eg er oppvokse i ei tid med ein fot i det gamle samfunnet og ein i den nye tidi, kanskje nettopp difor set eg pris på folkekulturen. Eg er nysgjerrig av meg, veit du.



*Magny Karlberg får pris for stort kulturarbeid i heimbygda.*

- Og ektemannen Rolf, deler du ein bit av prisen med han?

- Ja! Han er livsleiaren min, så det er klart. Dessutan delar han same interessene som meg. Slik har vi drage kvarandre framover.

- Du er øystreslidring til din hals. Om du hadde slått deg laus og flytt ut av bygda, til ein annan stad i Valdres, kor skulle det vore?

- Det er Valdres som er min heimearena. Eg kunne butt kvar som helst.

- Også i Ranheimsbygda?

- Ja, eg har eit hjarte for Ranheimsbygda. Der er det kjempetriveleg!

- Du er ein flott valdres-ambassadør!

- Eg har vanskeleg for å skilje mellom mi og di bygd. Det har heller ikkje noko for seg. Eg orienterer meg lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt.

- Magny, alle drøymer vi om å gjere noko anna. Kva anna kunne du tenke deg å sysla med?

- Det var litt tilfeldig at eg kasta meg inn i arbeidet med bunader og folkedrakter. Du kan seie at hobbyen vart arbeidet mitt. Før den tid arbeidde eg på Radiumhospitalet. Elles kunne eg gjort mykje rart. Eg hadde sikkert likt meg på bensinstasjon også, eg.

*Kyrkja er ein av dei største kulturberarane her til lands*

*- I tillegg til interessa for silke og damask, er du ein god dansar. Blir det tid til ein og annan springar då?*

- Absolutt. Eg er folkemusikkdame på min hals. Eg var på dans på Herangtunet på fredag.

- *Du har med andre ord mange jarn i elden. Du er også soknerådsleiar i Rogne. Korleis likar du dette kallet?*

- Kallet? Det er ikkje eit kall! Det er noko du må gjere. Du kan ikkje nekte om du ikkje har spesielle lyter, då.

- *Er det gjevande?*

- Ja, det er kulturarbeid det og. Vi må hugse på at kyrkja er ein av dei største kulturberarane her til lands.

- *Om du hadde vore dronning av Noreg for ein dag – kva ville du gjort?*

- Hahaha, oi, oi. Eg ville fått nokon til å vaske rundt hjå meg.

- *Til slutt: kom med ei oppmoding til alle tradisjonslause sør for Helle slakteri.*

- Er det så mange tradisjonslause der, då? Eg trur ikkje folk er så tradisjonslause, dei har berre litt andre måtar å uttrykke seg på. Elles synest eg omgrepet tradisjon ofte blir misbrukt. Har ein gjort noko ein gong, så er det plutsleg ein tradisjon. Tradisjon er vel meir omfattande enn som så.

Låt o link seier seg hjartans einig med jubilant Magny og ynskjer henne lukke til med prisen!



*Gamalt postkort, utlånt av Nils Rogn*

## RØRE VED LENGSELEN ETTER DET GODE

Andre sundagen i advent var Låt o' Link på vitjing hjå Anita Dalehavn – prest i Øystre Slidre. Ei viktig kyrkjehøgtid er som vi alle veit i vente, og redaktørane bad Dalehavn dele sine inste tankar om jul og julehøgtid, med lesarane av tidskriftet.

Juletid er så mykje meir for Anita, som i tillegg til eit titals gudstenester, obligatoriske juletreffar, helgevakt og bryllaup, strevar med å førebu jul i eigen heim – baking, husvask, lysstøyping og griseslakt. I tillegg er ho mor til gutane Snorre og Simen, og matmor til husdyra Blasius og Balder. Alle krev dei sitt.

– Gutar, ikkje berre stå der. At det går an, her ser det ikkje ut! Alle mann i arbeid!

Redaktørane får unna det verste, og snart kan intervjuet begynne.

– *Korleis vil du skildre tida vi snart er inne i?*

– For veldig mange rører jula ved lengselen etter det gode livet. Gleda i julebodskapen er speil til våre eigne liv, og til dei gode minna frå vår eigen barndom. Er ikkje det flott då, gutar?

– *Jula er ein draum, med andre ord?*

– Jula er fyrst og fremst ei vedunderleg tankereise, til dei viktigaste dimensjonane for oss menneska. Kven er vi? Kven er vi her for? Kva vil Gud vi skal bruke liva våre til?

– *Det blir ikkje vel mykje barndomsminne, då?*

– For mange handlar jul berre om dei gode barndomsminna. Då blir, på ei anna side, lovsongane i møll ei underleg sjølvmotseiing. Skal vi ikkje vere glade då, spør Anita.

– *Eit ord til ettertanke, til sokneborna i Øystre Slidre?*

– Eg vil aller fyrst få ynskje alle i Valdres ei god jul, og so sender eg eit lite dikt med på vegen. Det er skrive av forfattaren John Hollen, og eg synest det passar kjempefint no fram mot jul.

*Himmelen  
drysses noen  
centimeter sne over  
oss*

*Den hadde fått nok  
av verden for en  
stund, den også*



***Jula er fyrst og fremst ei vedunderleg tankereise, til dei viktigaste dimensjonane for oss menneska.***

***Kven er vi? Kven er vi her for? Kva vil Gud vi skal bruke liva våre til?***



*Anita Dalehavn gler seg til julehelga. På nyttårsaftan dreg ho på Herangtunet for ein svingom.*

Låt o' Link takkar for besøkt og ynskjer Anita ei god jul!

# NY GIV I BEGNALJOM

Etter flere år med laber aktivitet og lite engasjement, er Begnaljom spel- og dansarlag nå i ferd med å bli friskmeldt. Laget har hatt flere øvinger enn på mange år, og har også et musikalsk samarbeid med Ringerike spellemannslag.

26. oktober arrangerte laget konsert i glasshuset i Sør-Aurdal ungdomsskole på Bagn. Konserten var et samarbeidsprosjekt med Ringerike spellemannslag



*Det ljoer av Bjørkestubben. Trygve Bolstad, primus motor for felespellet gjennom flere tiår.*

som hadde tatt turen til Bagn denne kvelden. Begge lag presenterte sine musikere og aktiviteter i full bredde. Begnaljom opptrådte med spelemannslaget Begnaljom og junioravdelinga Bjørkestubben. Det lover godt for framtidig aktivitet i Begnaljom at vi har så mange unge, dyktige felespillere i distriktet. I tillegg hadde Begnaljom to solistnummer ved Stein Ivar Øvergaard på torader og Trude Bakke på langeleik. Sistnevnte fungerte også konferansier og bandt arrangementet sammen på en ypperlig måte.

Elever fra Ringmoen skole viste oss Ådalsspringar; en dans som er under rekonstruksjon i disse dager. Oddrun Hegge og datteren Ingebjørg bidro med flott langeleikspill. Ringerike spellemannslag konserterte både med full besetning og en undergruppe som kaller seg Elvelangs. Konserten ble avsluttet med et fellesnummer der både Ringerike spellemannslag og Begnaljom deltok med samtlige medlemmer. Det ble et minneverdig punktum for en flott konsert.

*DET LOVER GODT FOR FRAMTIDIG AKTIVITET I BEGNALJOM AT VI HAR SÅ MANGE UNGE, DYKTIGE FELESPILLERE I DISTRIKTET.*

Det eneste lille skåret i gleden var at vi gjerne kunne ønsket oss flere tilhørere til denne flotte konserten. Uansett, arrangementet var et samarbeid og en dugnadskonsert. Derfor er Begnaljom invitert ned til Ringerike for å delta på et tilsvarende arrangement på nyåret. Vi i styret i Begnaljom håper med dette at startskuddet har gått for at laget skal gjenoppta sin karriere som musikkformidler og tradisjonsbærer i Sør-Aurdal.

*Stein Ivar Ødegaard*

## STOR AKTIVITET I VESTRE SLIDRE

Vestre Slidre Folkemusikk- og danselag sparar ikkje på krutet. I haust stelte dei i stand både springarøving, folkepub, rakfiskkveld og filmframsyning.

### Konsert med Helge Myrheim

Helge Myrheim baud på seg sjølv og spelet sitt, då han underheldt på Kvamshall laurdag 29. november. Musikken hans har dâm av gamledagar; rå, uforfina, kraftfull og eggjande. For underteikna som fekk høyre og oppleve spelemennene i Vestre Slidre i etterkrigsåra og utetter, var det som eit gjenhør av musikken frå den tida.

Etter konserten sytte Myrheim, Laura Ellestad og Tom Kjetil Tørstad m.fl., for dansemusikk.

### Filmframsyning i Olbergsalen

24. november fekk over 40 personar sjå gamle filmopptak av dansarar frå Valdres. Opptaka var frå 1968 og 1970, og fleire av dei frammøte fekk sjå att både seg sjølve og andre. Etter solid traktering vart det springarlåte med Kjellbjørn Karsrud, og mange nytta høvet til ei danseøkt.

*Randi Før*

---

## SPRINGARKURS PÅ NYÅRET

Embrig Før instruerer i springardans desse måndagane i 2009: 12.1, 26.1, 9.2, 9.3, 23.3, 20.4, 4.5, 18.5, 8.6. Alle øvingane tek til kl. 19.30, på mediateket på Slidre skule.

## LENGTAR ETTER VÅR

Vårflaumen spel- og dansarlag skipar til springarkurs for nybyrjarar, åtte onsdagskveldar etter jul. Oppstart er onsdag 7. januar. (Ja vel, når på kvelden?, Red. anm.). Lær den verdsberømte valdresdansen av ingen ringare enn Bjørn Strand (d.e.) og Kjersti Helgesen Løvold. Kjellbjørn Karsrud syter for høveleg felespel. Meir informasjon kjem truleg i avisa Valdres, på diverse heimesider og i neste nummer av Låt o“Link.

---

## NYTTÅRSFEST PÅ HERANGTUNET

Like sikkert som at jula varar heilt til påske, er det at øystreslidringane skipar til nyttårsfest på Herangtunet. Onsdag 31. desember klokka 19.00 opnar dørene. Då står ein smilande velkomstkomité klar med dram og bakils til heile festlyden.

Dette er ein sendingsfest! Saman lagar vi til ein bugnande festbuffé med god mat av alle slag. Vidare vil kvelden by på underholdning, tale, dansespel, trivelege folk, god mat, god drikk, eit stort og varmt nyttårsbål, mange nyttårsklemmar, dans og spel til den lyse morgonen.

Denne festen kostar deg ikkje meir enn 100 kr!

**Meld deg på til Ingvild Lie tlf: 992 95 056 /  
[ingvillie@yahoo.no](mailto:ingvillie@yahoo.no) innan 20. desember.**

## HAMRE PÅ TURNÉ

Langeleikprinsessene Anne og Astrid Eidsaa Hamre legg i veg på sin aller fyrste konsertturné. Saman med langeleikdronninga Oddrun Ellen Hegge (mor, husmor, handverkar, politiker, lærar og omsutsmenneske) har dei fått støtte frå den regionale tilskottsordninga. No set dei altså kursen mot barnehagane i Valdres. Låt o“Link ynskjer jentene lykke til!



## STYRET I BEGNALJOM

Tor Morten Røhr, leiar, Runar Kolsrud, kasserar, Stein Ivar Øvergaard, sekretær, Trygve Bolstad, styremedlem og Torunn Bolstad, styremedlem.

## ØVINGSDATOAR I BEGNALJOM

Bjørkestubben har fyrste øving onsdag 28. januar

Begnaljom har fyrste øving søndag 14. januar.

- Vi prøver å få til faste øvingar kvar 14. dag, seier sekretær Øvergaard.

## ÅRSMØTE I BEGNALJOM

Årsmøte i Begnaljom blir søndag 15. februar kl. 19.00 på Sør-Aurdal ungdomsskole.

## NETTIDENE

Fylg med på nettsidene til Valdres folkemusikklag [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no). Send gjerne aktuelt stoff som vi kan legge ut på sidene.

## ÅRSMØTE I VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

Årsmøte blir i løpet av mars 2009. Opplysningar om møtedato kjem seinare. I fylgje vedtektene (§ 4), har medlemmer som melder saker til styret før 01.01.2009, rett til å få desse handsama på årsmøtet. Innkalling, sakliste og sakspapir blir sendt medlemmene seinast to veker før årsmøtet.

---

## REDAKTØRSKIFTE

Redaktørane Ole og Knut Aastad Bråten trer frå årsskiftet av som redaktørar for Låt o Link. Etter snart fire år på redaktørkrakkane, er det stopp.

- Det har vore mange hyggelege og fine år, ja, særleg då gode Aud Søyland delte jobben med oss, seier Knut. Bror Ole seier seg einig.

- Ja, vi hadde fleire hyggelege samkome rundt det søylandske kjøkenbordet.

Eg gløymer aldri dei tradisjonelle rettane, julekakene, desserten, formkakene, iskremen, samtalan om liv og ånd, ja, og den gode klemmen før vi for ut døra seint om kvelden, seier han.

Kven som tek over det ansvarsfulle roret er enno ikkje bestemt. Mange vil ha det til at Kjellbjørn Karsrud siglar opp som ny redaktør, men redaksjonen har enno ikkje fått stadfest om han verkeleg tek fatt på gjerninga.

## TAKK

Ei stor takk til redaktørane som no vil gje seg. Eg har hatt gleda av å samarbeide med dei i alle desse åra. Og det har vore ei stor glede.

Eg vil også nytte høvet til å rette ei stor takk til Aud Søyland for det arbeidet ho la ned i bladet. Ho lyfte nivået betrakteleg då ho kom inn i redaksjonen, og underteikna har lært mykje av henne.

Så no sit «formgjevaren» att utan redaksjon, så dette blir spanande.

Men uansett, takk til dykk alle tre for ei svært gjevande tid!

*Nils Leine*

# JØRN HILME-STEMNET OG STRUNKEVEKO – EIGE AS?

## DISKUSJON OM ORGANISERINGA AV FOLKEMUSIKKEN

Organisering av Valdres folkemusikklag (Vfl), Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet var tema då styremedlemmer, tilsette i Vfl og andre interesserte samla seg rundt kakebordet på museumsloftet 6. november i år.

Bakgrunnen for møtet er ynskje frå Jørn Hilme-stemnet, Strunkeveko og Vfl om å sjå nærmare på ansvarsfordelinga i organisasjonen. Med utgangspunkt i dagens situasjon har det mellom anna kome fram eit konkret framlegg frå styret i Jørn Hilme-stemnet om å skilje ut Hilme-stemnet og Strunkeveko i eit eige AS, heileigd av Vfl.

Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko er to store og vel etablerte arrangement, og har etter kvart fått eit godt renommé i nasjonal samanheng. Saman har arrangementa ei årleg omsetjing på om lag 2,7 millionar kroner. Dette utgjer både ein økonomisk risiko og eit stort ansvar for Vfl. Per i dag er det styret i Vfl som sit med hovudansvaret for arrangementa – ikkje dei einskilde styra for Jørn Hilme-stemnet eller Strunkeveko.

I tillegg til å gjennomføre dei nemnde arrangementa, er Vfl regionlag for alle spel- og dansarlag i Valdres, samt Valdreslaget i Oslo. Regionlaget vart stifta i 1966 og arbeider med felles tiltak for folkemusikken i heile Valdres, både dei store arrangementa i tillegg til Valdreskappleiken, andre ungdoms- og rekrutteringstiltak, kurs, konsertar og mykje meir.

Revisor Hege Kvandahl frå Valdres revisjon var tilstades under informasjonsmøtet og informerte om aksjeselskap som organisasjonsform. Ho meinte denne eigarforma vil vera til fordel for Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko. Etter intens debatt vart det omsider stemning blant møtelyden for å sjå nærmare på ei utskiljing av dei store arrangementa i eit framtidig AS. Lokallagsleiarane fekk i oppgåve å informere sine lokallag om saka.

I vedtektene til Vfl kjem det fram at vedtektsendringar berre kan skje på eit ordinert årsmøte, difor blir det ikkje noko ekstraordinert årsmøte om saka på denne sida av nyttår. I staden vart det gjort vedtak på styremøte i Vfl 11. november om å setje ned eit interimstyre som skal arbeide vidare med vedtekter for eit framtidig AS.

*Ole og Knut Aastad Bråten*

## BEST FOR FOLKEMUSIKKEN

Sekretær/dagleg leiar i Vfl, Solveig Hårdnes ser berre fordelar med å etablere eit eige AS for dei store arrangementa.

- Arbeidet med Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet er stort og komplekst, og vi treng ei ryddig og stabil organisering for halde oppe, og vidareutvikle arrangementa på ein god måte.

- *Kvifor kan ein ikkje drive som før?*

- Å opprette eit eige AS for dei store arrangementa betyr tryggare og meir ordna former kring økonomi og ansvarsfordeling.

*Å opprette eit eige AS for dei store arrangementa betyr tryggare og meir ordna former kring økonomi og ansvarsfordeling.*

- *Kva blir oppgåva til styret i Valdres folkemusikklag, om Strunkeveko og Jørn Hilmestemnet blir skilt ut som eige AS?*

- I hovudsak det sama som før, men slik eg ser det får dei frigjort tid til å arbeide meir for lokallaga, og ta seg av heilårsaktivitetar som til dømes rekruttering, kurs, seminar, samarbeid med andre regionlag, fylkeslag og aktivitetar knytt til mellom anna Landslaget for Spelemenn, seier ho.



*Solveig Hårdnes meiner Jørn Hilmestemnet og Strunkeveko bør bli AS.*

## **INNSPEL I AS-SAKA**

Det er vel naturleg at eg gje lyd ifrå meg i høve arbeidet som pågår om å gjera JH om til eit A/S. Informasjonsmøtet på Valdres Folkemuseum 6.11.08, der mange som openbart kjende saka og hadde gjort seg opp ei meining på førehand - var samla for å gje sitt «besyv». Det gav inga god kjensle for den som kom der med eit nøytralt utgangspunkt. Ved organisasjonsutvikling/ - endring er det eit ufråvikeleg krav at alle i organisasjonen er delaktige i prosessen heilt frå starten. Om ikkje, så er det betydeleg sjanse for å få eit resultat som øydelegg meir enn det gagnar. Organisasjonen er Valdres Folkemusikklag, men VF er i røynda medlemmane i lokallaga.

Endring i organisasjonen utan drøfting med medlemmane føreåt, ville vera ei høgst udemokratisk handling. No ser det heldigvis ut til at den vidare saksgangen er komen på rett spor.

*Randi Før, Leiar i VSFD*

## **FRÅ SIDELINA**

AS er det store emnet i folkemusikk-Valdres for tida. Utruleg. Eg hugsar frå mi fyrste tid i Valdreskvelven Boye Wangensteen, ein god spelemann med stor sláttekunne. Han kunne fortelje at han hadde ikkje tent så mykje på spelinga si at han kunne kjøpe seg ein felestreng. Og så høyrer vi at folkemusikkmiljøet i dag disponerer fleire millionar kroner til ein kappleik. No er det rett nok noko meir enn ein vanleg kappleik det dreiar seg om. Det handlar om ein svært vellukka festival og om ein gjeng med flinke, entusiastiske menneske som har stått i spissen. Men det er kome mykje pengar inn i bildet. Dette er noko nytt.

Og så skjer det noko med miljøet, ser det ut til. Det er ikkje godt å seia kva, for ein som står på sidelina, men at pengane er ein vesentleg faktor, vil eg sjå som sannsynleg. Av erfaring veit ein at når det ryktast at det er mykje pengar, kjem det mange til som ynskjer seg ein bit av kaka.

Kva gjer ein så.

Fyrst og fremst trengst det då å passe på. Dette er krevjande og ein kan lett miste oversikta, og dei mange profesjonelle kakegjestene kan sin jobb.

Så trengst det ein grundig gjennomgang av prosessar, både noverande og tidlegare.

Resultatet av ein gjennomgang kan gjerne vise at det må gjerast nye vriar for å halde styringa. Ting forandrar seg. Noko som ikkje har forandra seg er at det trengst inntekter. Ein er alltid avhengig av offentlege tilskot, sponsormidlar og reklameinntekter, billettinntekter og sal av mat og effektar og så vidare. Men beløpa vil variere frå tid til tid. Den viktigaste og sikraste inntektskjelda er difor sparte utgifter på grunn av ein stor frivillig innsats frå mange ivrige støttespelarar. Desse må ein ha med seg, same kor store budsjett ein snakkar om, og same korleis ein organiserer seg. Utan desse vil det bli underskot.

*Framhald neste side*

## Ordskilde

### LEGG FOR GUDS SKULD IKKJE NED LOKALLAGA

Mange har agitert for nedlegging av lokallaga i Valdres. Det er eg sterkt i mot. For det fyrste representerer dei kontinuiteten i verdfullt lagsarbeid. Dinest er aktiviteten og samlingane i laga viktige ankerfeste – for *alle* med kjensler for folkemusikken og folkedansen i Valdres.

Nei, la oss samle oss omkring dei gode, gamle laga. Det er vel og bra med ungdommeleg iver, pågangsmot og endringsvilje, men no lyt vi passe oss så vi ikkje kaster ungen ut med badevatnet. Sjå kva vi saman har skapt? Sjå kva Valdres Folkemusikklag og alle dei små lokallaga saman skapar. Er ikkje dette verdt å ta vare på, kanskje?

Tenk dykk om!  
Øystreslidring

## Mjølkerampa

### LEGG NED LAGA!

Aktiviteten i lokallaga i Valdres er elendig. Det skjer jo ingen ting! Man skulle tro at Svartedauden har tatt knekken på dansen og spillinga en gang for alle!

Spørsmålet er derfor: I hvilken retning går det organiserte folkemusikklivet i Valdres? Trenger vi fremdeles seks lokallag for folkemusikkfolk i koma? Svaret er selvsagt nei. Det er på tide å tenke nytt – det er på tide å legge ned lokallaga og gravlegge kommunepatriotismen en gang for alle. Folkemusikken er ikke lenger tjent med seks lokale lag.

Lokallagsstyrene rundt om i Valdres består av mange flinke, men også mange slitne og handlingslamme styrefolk. I stedet for å tyne mest mulig ut av disse, kunne vi i stedet arbeide for å styrke det regionale folkemusikklaget med de beste folka fra vakre varierte Valdres.

Jeg håper Valdres folkemusikklag tar opp kampen mot lokallaga. Det er på tid for å tenke nytt. Det er tid for endring – det er tid for handling. Yes, we can!

Lillemor

---

#### FRÅ SIDELINA, FRAMHALD FRÅ SIDE 11

Det kan vera gode argument for mange ulike løysingar i denne saka. Men uansett løysing, den må samle alle folkemusikk-interesserte i Valdres. Den må også ha streng budsjettkontroll, og det må skrivast bindande, økonomisk akseptable avtaler i god tid. Dette trengst uansett organisering. Og så er det mange detaljar som må på plass undervegs, og som berre kan løysast dersom det er opne linjer og god dialog mellom alle som jobbar for saka. Ingen omorganisering gjev garantiar for at det lukkast.

Det er gjort svært mykje bra arbeid i folkemusikk-Valdres dei siste åra. Det gjeld no å løyse opp i tankeprosessar som kan vera til skade for det som er skapt. Dette skjer lettast gjennom fordomsfrie diskusjonar. Alle har same målsetting. La ikkje dei svimlande summene som akkurat no er i omløp gjera livet surt.

Nils Leine

# EIN ETNEDØL DET ER EG NO KOR HEN EG KJEM

Tekst: Sigurd Bakken-Fyk, Harald Bakken

Melodi: Ukjent

Denne gode visa gjekk som ein farsott over bygdene for ei tid tilbake. Enno kan du høyre henne på Valdres Radio og i andre samkome.

Ei av dei som syng Etnedalsvisa er Tone Voldhaug i Rogne, sjølv halvt etnedøl.

1) Ein etnedøl det er eg no kor hen eg kjem,  
og kjem eg ut or dale så lengtar eg heim.  
Eg trivest best i dale og gå her og trø,  
og bera ved og vatn og møka lite snø

Ja, for tenk med deg sjølv om du var etnedøl,  
skakk og litt stivbeint og noko lite støl.

2) Så trefte eg ei jente ei halvgamal ei,  
ho var nokon å førti så lugum og brei.  
Og tenk ho fridde til meg og eg svara ja,  
og jenta ho vart no så hoppande glad.

Ja, for tenk med deg sjølv om du var etnedøl,  
skakk og litt stivbeint og noko lite støl.

3) Og etter at gifta meg så har eg hatt det godt,  
og alltid har eg nytta det gode eg har fått.  
Eg har ein hærskar' høner og ei nybæra ku,  
men visst du kva eg åt, ja, då dåna du.

Ja, på Etnedalsvis der et me eggedosis,  
Og attåt drikk me rumme i litervis

4) Ja, maten den har no så mykje å si,  
Og fyrst og fremst så syner det på kjerringa mi.  
For tvillingar det fekk ho i fjor som i år,  
Og no veit eg neimen ikkje kost det går.

Ja, på Etnedalsvis der et me eggedosis,  
Og attåt drikk me rumme i litervis

# JULEGJESTEBØ

I boka *Samversskikkar i Valdres, heidersskrift til Knut Hermundstad*, skriv Hermundstad om dei gamle julegjesteboda i Valdres. Gjestebeda tok til 2., 3. eller 4. dag jul, og var noko ein held på med til tjuandedagen. Då skulle jula drikkast ut. Det var noko ulik praksis for innbeding til desse gjestebeda. Sume stader bad ein bøndene i næraste grenda, sume stader berre slekta. Andre stader bad ein husmenn, tenestefolk, ungar og eldre.

Frå øvst i Vang heitte det at dei som kom til julegjestebod, var alle husens folk, tenarar, ungdom og ungar. I grenda var det skam ikkje beda tenarane til julegjestebodet. Alle som kunne, møtte. Men vart det bede nokon utanom grenda, så kom gjerne berre sjølvfolki og ungane deira. Tenarane var ikkje med då.<sup>1</sup>

Annleis var det i Aurdalsbyen. Noko for seg sjølv har no aurdølene alltid vore. Hermundstad skriv: «Den bere stand her i Aurdalbyen hadde julelag for seg sjølv. Dei som var med, var embetsstanden, kjøpmennene og dei gjævaste bøndene. Dette var storfolket. Dei nytta og reikjerringar til å stelle for seg og kjøpmeister til å styre laget».<sup>2</sup>

Korleis er det med deg? Bed du inn til julelag? Syner du omtanke for familie, vener, arbeidsfolk og andre?



*Gamalt postkort,  
utlånt av Nils Rogn*

***Den bere stand her i Aurdalbyen hadde julelag for seg sjølv. Dei som var med, var embetsstanden, kjøpmennene og dei gjævaste bøndene. Dette var storfolket.***

## **Knekk-kake**

– *Liflige fustelber fea det Carlbergske kjøkken* –

Frå småpikene Agnes og Mali Selland i Rogne har Låt o' Link-redaksjonen fått tilsendt ei fin lita julekakeoppskrift. Knekk-kake-oppskrifta er faktisk ei av favorittane til jentene, som ikkje legg skjul på at det går med store mengder knekk-kake i julehegda. Knekk-kake blir til på følgjande måte:

2 dl sukker  
½ dl fløyte  
½ dl sirup  
1 ½ dl smelta smør  
2 dl havregryn  
2 dl kveitemjøl  
½ ts bakepulver  
1 ts vaniljesukker

Deigen formast til små kuler med teskei, og steikast på 175 grader.

Redaksjonen takkar for oppskrifta – eit flott alternativ til alle desse gamaldagse, kjodelege og narre julekakene. 5 kg sjokolade er på veg til Mali og Agnes.

Sitat: "Knekk-kake er det beste vi veit"

<sup>1</sup> Hermundstad 1975:176

<sup>2</sup> Hermundstad 1975:175

## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løssøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkundar

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendommer
- Motorsykel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

## Livsforsikring


Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



**Etnedal Sparebank** – tlf. 61121500 – [www.etnedalssparebank.no](http://www.etnedalssparebank.no)  
**Vang Sparebank** – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)  
**Vestre Slidre Sparebank** – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)  
**Øystre Slidre Sparebank** – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
**Salgskontor Fagernes** – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)



**RETURADRESSE:**  
VALDRES

**Nyttige namn og nummer**

Lokallag	Leiar/kontraktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begnaljom spel- og dansarlag	Tor Moforten Røhr	61 34 63 35	913 34 985	
Einedal spel- og dansarlag	Ellen Wiborg Samnerud	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskveivlen spel- og dansarlag	Ivar Hemming	61 36 74 02 (p)	481 28 610	<a href="mailto:hemming@c2i.net">hemming@c2i.net</a>
Valdreslaget i Oslo	Elsabeth Bring	22 13 79 64 (p)		<a href="mailto:elsabeth.bring@c2i.net">elsabeth.bring@c2i.net</a>
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	915 77 695	<a href="mailto:randifor@online.no">randifor@online.no</a>
Vårtaumen spel- og dansarlag	Lise Lunde Brennhagen	92 09 95 21		<a href="mailto:lisenor85@hotmail.com">lisenor85@hotmail.com</a>
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Sissel Dale Lise	61 34 12 45 (p)	905 92 240	<a href="mailto:sisd-lise@online.no">sisd-lise@online.no</a>
<b>Valdres folkemusikklag</b>				
Leiar	Kjell Bakken	61 36 73 67, 913 71 993		<a href="mailto:komb@online.no">komb@online.no</a>
Vn og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Håndnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	<a href="mailto:post@valdresfolkemusikklag.no">post@valdresfolkemusikklag.no</a>
				<a href="mailto:info@hlme.no">info@hlme.no</a>
JH-stemmet, styreleiar	Svein Erik Hilmen		95 75 53 07	
Strunkvevko, dagleg leiar	Ingvild Lie		992 95 056	<a href="mailto:ingvilde@yahoo.no">ingvilde@yahoo.no</a>
Strunkvevko, styreleiar	Eli Marit Fuglesteg		986 23 123	<a href="mailto:climafugl@online.no">climafugl@online.no</a>
<b>Andre</b>				
Bygda dansar	Stian Roland		907 22 690	<a href="mailto:rolandstian@hotmail.com">rolandstian@hotmail.com</a>
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	<a href="mailto:elisabeth.kvarne@valdres.museum.no">elisabeth.kvarne@valdres.museum.no</a>
Instrumentverkstaden	Knut Ophemsbakken	61 35 99 30 (a)		
	Oddrun Hege	61 35 99 30 (a)		
LIS	Nils Øyvind Bergset		416 39 567	<a href="mailto:nihoberg@online.no">nihoberg@online.no</a>
LIS, dagleg leiar	Magnar Sundt		950 85 647	<a href="mailto:lfs@folkemusikk.no">lfs@folkemusikk.no</a>
Spelermannsbladet	Knut Arstad Bråten		907 68 797	<a href="mailto:spelermannsbladet@folkemusikk.no">spelermannsbladet@folkemusikk.no</a>